

## 7.6 TILSKOT TIL NÆRINGSFØREMÅL M.M.

### 7.6.1. Generelt

Retningslinjer for tilskot til næringsføremål skal gjelde for alle typar næringsverksemd med forretningsadresse Vik i Sogn, og for særskilde satsingsområder, prioriterte for det einsskilde budsjettår. Gjeldande retningslinjer skal kunngjerast ultimo januar kvart år.

For å sikre styring av tilskot til prioriterte områder er det lagt opp til formaliserte søknadsprosessar, med 2 tildelingar pr. år.

Søknadsfristane er:           For 1. halvår: **1. mai**  
  For 2. halvår: **1. oktober**

### 7.6.2. Prioriteringar 2006

Alle søknader vil bli særskild vurdert i med omsyn til tiltaket sitt potensiale etter følgjande kriteriar:

- Sysselsetjingseffekt
- Økonomien i prosjektet
- Samarbeidspotensialet (etablerte og andre potensielle samarbeidskonstellasjonar)
- Innovasjons- /nyskappingsgraden

I tildeling av kommunale tilskot til næringsføremål er lagt til grunn følgjande prioriterte satsingsområder:

- Reiselivstiltak
  - Investering knytt til opplevingsbaserte tiltak
  - Tiltak knytt til UNESCO-verdsarvområdet
  - Kultur/kulturbaserte næringstiltak
  - Overnattingstilbod
- Tradisjonelt Landbruk
  - Kjøp av mjølkekvoter
  - Investering i driftsbygningar
  - Satsingar i bringebær-/ og jordbær produksjon
  - Skogsvegar
- Anna verksemdetablering
- Omstillings- og utviklingstiltak

### 7.6.3 Tilskotsordningane

Dei kommunale tilskotsordningane skal femne alle typar verksemdar inkl. landbruksnæringane;

1. Tilskot til etablering
2. Tilskot til bedriftsutvikling
3. Tilskot til investeringar

#### **7.6.4.1 Tilskot til etablering**

##### **a). Verksemdar**

Tilskot vert gjeve i etableringsfasen. Midlane kan nyttast til å dekkja levekostnader, mindre investeringar og generelle kostnader knytt til oppstarting av verksemd.

Det kan gjevast inntil kr. 40.000,- i tilskot. I tillegg kan Vik Sparebank gje eit tilskot inntil kr. 20.000,- eller 50% av kommunetilskotet. Samla tilskot frå kommunen, sparebanken, Innovasjon Norge eller BU-fondet skal ikkje overstiga 75% av prosjektet sin kapitaltrøng.

Etablerarar kan få 75% av tilskotet når forretningsplanen er godkjend. Resten vert utbetalt når verksemda startar opp. Vik kommune tildelar i tillegg etablerarar inntil 10 timar ekstern rettleiing. Tildeling skjer etter behovsvurdering, og vert nytta når kommunen sjølv ikkje kan gje slik service. Etableraren vel sjølv mellom dei aktuelle kven han ynskjer å få rettleiing hjå.

#### **7.6.4.2 Tilskot til bedriftsutvikling**

Tilskotet kan gjevast til prosjekt innan produktutvikling, kompetanseoppbygging, prøvesal og marknadsføring m.m. Tilskotsordninga gjeld og for etterutdanning og kompetanseheving i landbruket.

Tilskot kan gjevast til eksisterande verksemdar som startar med ny næringsveg. Midlane kan nyttast til å dekkja investeringar, planarbeid og driftskostnader i etableringsfasen.

Det kan gjevast inntil kr. 30.000 i tilskot. I tillegg kan Vik Sparebank gje eit tilskot på inntil kr. 10.000,- eller 33% av kommunetilskotet. Samla tilskot frå kommunen, sparebanken, Innovasjon Norge eller BU-fondet skal ikkje overstiga 50% av prosjektet sin kapitaltrøng.

50% av tilskotet kan utbetalast når planen for utviklinga av verksemda er godkjend. Resten av tilskotet vert utbetalt når tiltaket er gjennomført og rekneskap er framlagt.

#### **7.6.4.3 Tilskot til investeringar**

Tilskot under denne ordninga vert gjeve til investeringar i nybygg, utviding av eksisterande bygg og modernisering eller ombygging av eksisterande bygg. Det kan og gjevast tilskot til investeringar i varige driftsmidlar. Særskilde reglar gjeld for landbruket.

##### **INVESTERINGAR UTANOM LANDBRUKET.**

Nye verksemdar kan få tilskot når investeringane er kr. 100.000 eller høgare. Verksemdar med meir enn 5 driftsår kan få tilskot når investeringane er minst kr. 200.000.

Verksemdar som har fått tilskot og seinare skiftar eigar, kan ikkje få tilskot til dei same investeringane.

Ei verksemd som ynskjer å søkja om tilskot til investeringar skal gjera dette før ein gjer investeringa. Søknader der investeringa er gjort før handsaming i utvalet, vert i hovudsak ikkje handsama.

Tilskot til verksemdar der det er eit godt tilbod av tilsvarande produkt eller tenester i Vik kommune vert ikkje prioriterte.

Tilskot vert gjeve med inntil 10% av godkjend kostnad. Maksimalt tilskot er kr. 100.000.

50% av tilskotet kan utbetalast når minst ½ av kostnadene er utført. Resten av tilskotet vert utbetalt når alle investeringane er utført og rekneskap framlagt.

Ei verksemd som har fått tilskot til investeringar må betala attende heile tilskotet dersom verksemda ikkje gjennomfører planane som ligg i søknaden, eller dersom verksemda/arbeidsplassen før det er gått 5 år vert flytta ut av kommunen.

## SÆRSKILDE REGLAR FOR TRADISJONELT LANDBRUK

### Til investering i driftsbygningar:

- 5% av kostnadsoverslag når godkjend kostnadsoverslag er over 200.000

Maksimalt tilskot:	einskildbruk	kr. 40.000
	samdrufter	” 100.000

50% av tilskotet kan utbetalast når minst ½ av kostnadene er utført. Resten av tilskotet vert utbetalt når alle investeringane er utført og rekneskap framlagt.

### Kjøp av mjølkekvote:

- tilskot 20% av godkjende kostnader

Utrekna tilskot under kr. 5.000 vert ikkje utbetalt.

Tilskot kan utbetalast når søkjaren legg fram bilag for betalt mjølkekvote. Vert mjølkeknoten på garden seld innan 5 år, må heile tilskotet betalast tilbake.

### Planting av bringebær og jordbær.

Investeringskostnader pr. da:	Bringebær	kr. 25.000
	Jordbær	” 15.000

Tilskot pr. da:

- Bringebær kr. 4.500,-
- Jordbær ” 3.000,-
- 

*Investeringstilstaket må minst omfatta 2 da bringebær eller jordbær.*

Tilskotet vert utbetalt når administrasjonen har ferdiggodkjend investeringsarbeidet.

### Skogsvegar:

Kommunen gjev tilskot til skogsvegar. Tilskotet er 20% av framlagt rekneskap.

Større veganlegg, kostnad over kr. 200.000, kan få utbetalt ½ av tilskot når minst tilsvarende av arbeidet er utført. Det vert ikkje utbetalt tilskot under kr. 5.000.

### Økologisk drift.

Kommunen gjev tilskot på kr. 10.000 fyrste året ved omlegging til økologisk drift og kr. 10.000 ved DEBIO-godkjenning for heile bruket.

### 7.6.5 Søknad

Tilskot til næringsverksemd kan søkjast av personar/verksemdar registrerte i einingsregisteret og med forretningsadresse i Vik kommune.

#### Krav til søknaden:

Tilskot til etablering - verksemd	Søknaden må innehalde: <ul style="list-style-type: none"><li>➤ Omtale av tiltaket</li><li>➤ Forretningsplan</li><li>➤ Budsjett for etableringskostnader</li><li>➤ Budsjett for forventa inntekter</li><li>➤ Finansieringsplan</li><li>➤ Framdrift/etableringsplan</li><li>➤ Org.nr./reg.nr. einingsregisteret</li><li>➤ Kontonr. for verksemda</li><li>➤ Personleg underskrift</li></ul>
Tilskot til bedriftsutvikling	Søknaden må innehalde: <ul style="list-style-type: none"><li>➤ Omtale av tiltaket</li><li>➤ Budsjett (kostnader/forventa inntekter)</li><li>➤ Finansieringsplan</li><li>➤ Framdriftsplan</li><li>➤ Org.nr./reg.nr. einingsregisteret</li><li>➤ Kontonr. for verksemda</li><li>➤ Personleg underskrift</li></ul>
Tilskot til investeringar	Søknaden må innehalde: <ul style="list-style-type: none"><li>➤ Omtale av tiltaket/investeringa</li><li>➤ Kostnadsoverslag</li><li>➤ Finansieringsplan</li><li>➤ Framdriftsplan</li><li>➤ Org.nr./reg.nr. einingsregisteret</li><li>➤ Kontonr. for verksemda</li><li>➤ Personleg underskrift</li></ul>
For søknader om tilskot til desse ordningane gjeld 2 søknadsfristar: <b><u>1. mars og 1. oktober.</u></b>	
Søknader som ikkje er innkomne innan søknadsfristane blir vurdert ved i neste behandlingrunde. Det same gjeld for søknader som ikkje vinn fram i første søknadsrunde.	

### 7.6.6 Avgrensingar og sakshandsaming kommunale tilskot kap. 7.6.4. 1-3

Ei verksemd kan samla, for dei 3 tilskotsordningane, få maksimalt kr. 100.000 i kommunetilskot over 5 år. Andre ytingar frå Vik kommune, t.d. gratis tomt eller rimeleg tomt, vert òg rekna som tilskot.

Rådmannen har delegert fullmakt til å handsama og ta avgjerd i søknader etter regelverka. Saker som er avgjorde av rådmannen skal refererast i formannskapet.

Søknader som overstig grensa for administrativ handsaming, eller med eit innhald som avvik prinsipielt frå regelverket, vert handsama av formannskapet.

Klager på administrative avgjerder vert handsama av formannskapet som klageinstans. Klager på vedtak av formannskapet vert handsama av kommunestyret som klageinstans. *Tilskotsordningane vert rullert årleg i samband med budsjettprosessen.*